

Årsmelding 2018

VÅGÅ FJELLSTYRE

Vågå fjellstyre forvaltar Langmorkje statsallmenning (884 km²) og Nordherad statsallmenning (24 km²).

Fjellstyret

Fjellstyret 2018: leder Ivar Vistekleiven (Ap), nestleder Ketil Gutubø (BL), Helny Svaet (Ap), Steinar Håkenstad (Sp) og Kjersti Aasvang Dalen (Sp).

Det har vore fire fjellstyremøte med behandling av til saman 29 saker, av desse 7 saker etter fullmakt (delegert til dagleg leder).

Sakene fordeler seg slik på type og antal:

- Referatsaker	4 (110 refererte saker/dok.)
- Administrative saker, diverse val m.m.	1
- Søknader tilskot/utbetaling tilskot/økonomi	3
- Arealplanar og andre planar (høyring)	0
- Om hyttefeste/andre feste (uttale Statskog)	1
- Andre arealdisp. (uttale Statskog/kommunen)	7
- Søknad beiteareal, tilleggsjord	1
- Setersaker (m.a. bygging på seter)	2
- Fiske	3
- Jakt/viltforvaltning	1
- Hundtrening/hundprøver	6
- Anna	0

Styremedlemmer har møtt på vegne av fjellstyret i ulike samanhengar, t.d. årsmøte for fjellstyra i Oppland og landsmøte i Norges Fjellstyresamband. Ivar Vistekleiven er leder i AS Vågåfisk. Steinar Håkenstad er leder i styret for Vågå Sør viltområde.

Oppsynsordninga/sekretariatet

Sekretariatet for fjellstyret er det fast heilårstilsette fjelloppsynet, dvs. Knut Øyjordet (dagleg leder) og Erik Myrum. Vidar Rugsveen er tilsett som sesongarbeidar i 7 månader, i perioden ca.15. april – ca. 15. november.

Fjellstyret har også sekretær- og rekeskapsarbeidet for Finndalen fjellstyre, AS Vågåfisk, for Vågå Sør viltområde, kortsal og oppsyn med småviltjakta i "Nordherad fellesområde", og administrering av villreinvaldet "Vågå fellesområde". Fjellstyret har elles avtale med Miljødirektoratet/SNO om oppsyn og skjøtselsoppgåver i Jotunheimen nasjonalpark og i dei mindre verneområda i Langmorkje. Dette utgjorde ca. 30 dagsverk i 2018.

Sekretærarbeid og administrasjon tek ein stor del av tida til fjelloppsynet. Dette gjeld spesielt i vinterhalvåret. Oppsummering av arbeidstid samla for året, viser denne prosentfordelinga:

- Oppgåver som gjev grunnlag for refusjon 61,0 (dvs. oppsyn 7,7, skjøtsel 22,8, saksbehandling 5,3 og anna innarbeid 25,2).
- Andre oppgåver 6,5 (kortsal 2,3, rekneskap 4,2).
- Verna område 5,0.
- Finndalen fjellstyre 5,8.
- AS Vågåfisk 19,2.
- Andre tenester 2,5.

I oppsyn med jakt og fiske blir brukarkontakt vektlagt, der informasjon og tilbakemeldingar frå brukarane er viktig. Spørsmål om løysing av kort skjer for det meste ved stikkontrollar. M.a. vart 99 småviltjegerar og 56 fiskarar kontrollert. Tre forhold vart meldt til politiet dette året (ei motorferdselsak: kjøring med motorcrosssykkel i utmark, ei fiskesak: bruk av garn utanom garnfiskeperioden, ei jaktsak: rypejakt den 14. september). Eitt forhold vart oppgjort ”på stedet” (laushund).

Arbeidsmiljø, likestilling, ytre miljø m.m.

Som nemnd ovanfor, hadde fjellstyret i 2018 to heilårstilsette og ein fast tilsett i perioden ca. 15. april – ca. 15. november. Samla utgjer dette ca. 2,6 årsverk. Det har ikkje vore skader eller ulykker i løpet av året. Arbeidsmiljøet må seiast å vera tilfredsstillande. Ein kan ikkje sjå at verksemda tilfører forureining til det ytre miljøet. Vedrørande likestilling, blir den kvinnelege representasjonen i styret ivaretatt i kommunen si oppnemning av medlemmer til fjellstyret etter kvart kommuneval.

Fjellstyret har vedteke regelverk for helse, miljø og sikkerheit (HMS). Innhaldet i regelverket blir følgd opp og revidert når det er nødvendig. Som ei oppfølging av internkontrollsystemet, skal dagleg leder leggje fram ein rapport til fjellstyret innan 1. juli kvart år. Det vart kjøpt inn snøskredutstyr dette året (skredvarslar og søkestong).

Arealplanar, arealforvaltning og grunnDisponering

Arealplanar/overordna planar

Det vart ikkje gjeve uttale til nokon arealplan dette året.

Diverse arealsaker

Av arealsaker kan nemnast:

- Søknad om oppgradering av rasteplass på Russtangen.
- Søknad om fugleobservasjonstårn i Randsverk.
- Søknad om justering av trase for hundkjøring i Sjudalen.

Andre saker

Av andre saker kan nemnast:

- Revidering av fiskereglane.

Jordbruk

Seter, tilleggsjord og kulturbeite

Det var i 2018 registrert 10 enkeltsetrer i bruk med mjølkeproduksjon, to samdrifts-/fellessetrer og ei fellesseter for geit i Griningsdalen.

Fjellstyret behandla ei sak om utvising av beiteareal inntil setra.

Beite

I beitelaga Nordherad, Baksida, Tessand, Fuglhøe, Hindflye, Russdalen, Besstrondfjellet, Leirungsdalen og Stuttgongkampen er det organisert ordning med gjeting. Fjellstyret gjev tilskot til ordninga etter følgjande retningslinjer:

”For organisert gjeting av sau i Langmorkje og Nordherad statsallmenningar, vil fjellstyret frå 2007 og inntil vidare gje 20 % av kostnadane i tilskot til beitelaga for utgifter til gjetar, med eit maksimalbeløp på kr. 15.000,- pr. lag. For Nordherad beitelag og Baksida beitelag som også omfattar område med privat grunn, vil fjellstyret gje 10 % av kostnadene. Tilskotet vil bli utbetalt når rekneskapet frå beitelaga føreligg”. Tilskotet vart dette året på kr. 69.595,-.

I Tessand beiteområde vart det sleppt 1.971 dyr (sau og lam), i området Fuglhø/Hindflye 822, Russdalen 1.473, på Besstrondfjellet/Leirungsdalen 836, og i området Stuttgongkampen/Refjellet 1.626 dyr. Det var lite tap forårsaka av rovdyr.

Tabellen nedanfor viser talet på husdyr på beite i Sjudalen, Heimfjellet og Nordherad. Tala for Heimfjellet omfattar også areal utanom statsallmenning, dvs. alt areal sør for Otta elv. Tala for Nordherad omfattar heile arealet innan Vågå kommune mellom Vågavatnet og Finna.

Område	Sau og lam	Mjølkeku/ ammeku	Anna storfe	Geit	Hest
Sjudalen	6.176	234	179	503	0
Heimfjellet	2.688	466	459	0	8
Nordherad	936	58	64	0	3

Elles leiger fjellstyret ut beite til Vågå Tamrein AS, og det vart inngått ei ny 10-års beiteavtale i 2014. I tillegg leiger Lom Tamreinlag området ved Fuglhøe i ti dagar før haustslaktinga.

Setervegar

Det er eige vegstyre for desse vegane: Heimfjellvegen, Tessosen – Aasvangsetra, Megardsåsen (ny frå 2015), Valdesetervegen, Slombvegen, Nysetervegen, Fuglesetervegen, Sjolivegen – Sallivegen og Griningsdalsvegen. Fjellstyret fordelte totalt kr. 200.000,- til vegstyra.

Jakt

Elg- og hjortejakta

Langmorkje statsallmenning er med i Vågå Sør viltområde, der Ottadalen-Skårsroe grunneigarlag, Sjørdalen viltlag, Strandens jaktforening, Storviksmorkje jaktforening og fjellstyret samarbeider i eit "storvald" og med felles bestandsplan for forvaltning av elg, hjort og rådyr (samarbeid sidan 1993). Langmorkje er delt inn i åtte jaktfelt, og 2018 var siste året på ny treårsavtaler. Fem av felta er tildelt innanbygds lag.

I Langmorkje vart det tildelt 45 elgar og 8 hjortar, og felt 41 elgar og 7 hjortar. Totalt vart det felt 60 elgar og 28 hjortar i Vågå Sør viltområde. I Nordherad fellesområde der Nordherad statsallmenning er innlemma, vart det felt ein elg og 14 hjortar. Tabellen nedanfor viser tildelt elgkvoter og avskyting dei ti siste åra (i Langmorkje).

År	Kvote	Felt	Kalv hann	Kalv ho	1 ½ år hann	1 ½ år ho	Eldre hann	Eldre ho
2009	30	24	3	2	6	3	6	4
2010	31	28	6	2	5	2	9	4
2011	33	32	2	5	9	4	6	6
2012	35	30	2	6	7	4	9	2
2013	38	36	10	2	7	7	7	3
2014	41	39	9	3	6	3	12	6
2015	42	42	6	7	3	9	11	6
2016	38	34	7	4	5	4	10	4
2017	46	43	7	9	6	6	9	6
2018	45	41	5	3	8	7	12	6

Som eit tiltak i å få redusert beiteskader på furuskog, opna fjellstyret (frå 2011) for jakt på trekkelg i utvida jakttid. Det blir inngått ei avtale med jaktlaga i Rindhovda og Sjolie for jakt i Storskriulia og på Hovdasmoane der hovudmengda av trekkelg kjem. I tillegg vart det utvida med eit lag til, og Egil Kveen's jaktlag vart uttrekt (tre lag som søkte). Kommunane (Vågå, Sel og Nord-Fron) søkte om utvida jakt, og fekk løyve frå Miljødirektoratet for ein vinter. Mengdene av trekkelg kom nokså tidleg (mest sannsynleg pga. mykje snø på hausten), og det vart felt 20 dyr.

Villreinjakta

Nordherad statsallmenning fekk tildelt 7 kort, og det vart felt 6 dyr. I Vågå fellesområde, som omfattar alle jaktfelta i Vågå, vart det felt 30 av 38 dyr og i Finndalen statsallmenning 64 av 93 dyr.

Rådyrjakta

Rådyrjakta i Langmorkje skjer i tre jaktfelt, og i 2018 vart det tildelt 25 kort (to av desse gavepremie). Den snørrike vinteren var svært «tøff» for rådyra, og ein valde difor å halvere kortmengda i forhold til i fjor. 12 av korta vart tildelt som bukkejakt med jakttid 10. august til 24. september og eventuelt fram til jul dersom dyret ikkje blir felt i bukkejakta. I Langmorkje vart det felt 10 dyr (6 dyr i 2011, 9 i 2012, 10 i 2013, 5 i 2014, 10 i 2015, 7 i 2016, 14 dyr i 2017). Tilbakemelding frå jegerane er at rådyrbestanden er mindre enn i fjor, men at det ikkje er direkte dårleg med rådyr.

I Nordherad statsallmenning inngår rådyrjakta som ein del av samarbeidet om jakt i Nordherad fellesområde. Det er Nordherad grunneigarlag som administrerer elg-, hjorte- og rådyrjakta. Det vart seld 25 kort og felt 10 dyr.

Småviltjakta

Med grunnlag i taksering før jakta, jaktrapportar, direktekontakt med jegerar og observasjonar gjort av fjelloppsynet og andre, var bestanden av fjellrype på middels nivå (som i fjor), medan det var ein bra oppgang på lirybebestanden. Det vart i fleire område observert mange og store kull og med store kjuklingar. Det vart vedteke ei kvote på 3 liryper/fjellryper pr. dag.

Kortsalet

Tabellane nedanfor syner utviklinga i talet på selde jaktkort siste 10 åra.

Innanbygds utan hund

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Samla
2009	8	6		46	60
2010	10	2	3	47	62
2011	13	3	1	40	57
2012	18	2	1	20	41
2013	18	3	3	41	65
2014	11	4	1	47	63
2015	11	6	1	27	45
2016	12	3	2	37	54
2017	15	5	1	49	70
2018	7	1	3	45	56

Utanbygds utan hund. Tala i parentes er talet på kort selde etter nyttår

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Samla
2009	385 (45)	327 (27)	76 (6)	64 (0)	852 (78)
2010	409 (23)	293 (22)	61 (2)	56 (0)	819 (47)
2011	408 (27)	340 (26)	54 (3)	60 (1)	862 (57)
2012	399 (24)	207 (23)	38 (3)	57 (1)	701 (51)
2013	581 (24)	220 (16)	20 (2)	70 (0)	891 (42)
2014	702 (24)	240 (18)	45 (2)	85 (1)	1072 (45)
2015	772 (32)	152 (19)	51 (1)	84 (0)	1009 (52)
2016	596 (24)	251 (13)	38 (1)	93 (0)	978 (38)
2017	736 (48)	228 (11)	55 (5)	80 (0)	1099 (64)
2018	1032 (58)	350 (10)	80 (3)	128 (3)	1590 (74)

Innanbygds med hund (gjeld både med fuglehund og harehund)

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Samla
2009	6			32	38
2010	2	1		44	47
2011	3			51	54
2012	3			41	44
2013	5			40	45
2014	4			55	59
2015	4	1		46	51
2016	8	3	1	53	65
2017		2		49	51
2018	2	1	1	56	60

Utanbygds med harehund

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Periode	Samla
2009	15	6		31	52
2010	2	5		32	39
2011	16	7		30	53
2012	7	7	14	18	46
2013	17	7	7	31	62
2014	13	3	13	19	48
2015	4	7	14	18	43
2016	5	2	10	14	31
2017	5	4	6	29	44
2018	7	6	14	22	49

For Nordherad fellesområde (opprett i 2001), vart det samla seld 24 kort til utanbygds og 11 kort til innanbygds. I perioden 2002 – 2017 har salet variert frå 13 til 49 kort for utanbygds og frå 8 til 47 kort for innanbygds.

For rypejakt med hund for utanbygds er tilbodet 35 kort i tida 15.09 – 19.09 og 35 kort i tida 20.09 – 24.09, fordelt på tre jaktfelt og med tilbod om jakt i tre år ved fyrste gongs uttrekking. Det var i alt 131 søknader som omfattar 255 personar.

I tillegg vart det pga. bra lirypebestand, opna for sal av dagskort (utanbygds med fuglehund) i tida 6. – 31. oktober, med maks. 15 kort pr. dag, som vart fordelt med 5 kort på kvar av dei tre felta (kr. 250,- pr. kort). Det vart seld totalt 142 kort (39 i felt A, 48 i felt B og 55 i felt C).

2001 var fyrste året med tilbod om gratis jaktkort (og fiskekort) til barn og ungdom i Vågå til og med fylte 19 år. Det vart løyst 12 slike jaktkort i 2018. I perioden 2001 – 2018 har talet variert frå 3 til 17 kort.

Jaktrapportar

Det er innkome 29 rapportar frå dei 70 utanbygds som jakta med fuglehund. Dei har i gjennomsnitt felt 2,4 ryper per jeger og jakta ca. 4 dagar kvar. Frå utanbygds utan hund er det innkome 983 rapportar, dvs. 62 %. Dei fleste av desse gjeld 1- og 3-døgnskort. Av 128 sesongkort er det innkome 86 rapportar. Desse har i gjennomsnitt jakta ca. 6,5 dagar kvar, og felt totalt 137 fjellryper og 100 liryper. Frå alle rapportane er det felt 568 fjellryper, 509 liryper, 43 orrfuglar, 13 storfuglar og 48 harar.

Frå innanbygds med kort utan hund, er det innlevert 22 rapportar, dei fleste var sesongkort

(42 % svar frå dei med sesongkort), og blant dei som jakta med hund 30 rapportar (54 % blant dei med sesongkort). Det er eit generelt trekk at det er felt middels med småvilt denne sesongen. Blant dei som har løyst sesongkort utan hund, har kvar av dei i gjennomsnitt jakta ca. 6 dagar og felt ca. 4,2 fjellryper/liryper. Ca. 26 % av jakta har skjedd etter nyttår. For dei med hund omfattar dei fleste rapportane jakt med fuglehund. Kvar av desse har i gjennomsnitt jakta ca. 10,5 dagar og felt ca. 4,8 liryper.

Alle 25 korta til utanbygds med harehund fyrste veka (11.-17. oktober) vart selde. Det er innkome 15 rapportar frå desse, og dei har felt totalt 22 harar og jakta i gjennomsnitt ca. 5 dagar kvar. Frå utanbygds som har løyst kort etter den 18. oktober er det innkome berre 9 rapportar (18 %). Desse rapportane viser ei felling på totalt 11 harar. Generelt er inntrykket frå jegerane at det er litt over middels med hare.

Av andre artar er det felt følgjande i Langmorkje: 74 raudrev, 12 mår, 7 villmink, 6 røyskatt, 1 grevling, 48 kråke, 13 ravn, 97 skjære, 14 and, 2 vadefugl, 3 due og 5 trost. Dette er samla for alle jegerar, inkludert det som er innrapportert gjennom skotpremieordninga.

Trening av jakthundar

Frå 2009 vart tilbodet om trening av fuglehundar utvida frå området i Hoskelie (perioden 21.08-14.09) til også å gjelde i perioden februar-mars i heile Langmorkje statsallmenning, men med unntak av den delen av Jotunheimen nasjonalpark som ligg i Langmorkje. Tabellen nedanfor syner utviklinga i talet på selde treningskort (dvs. utanbygds med fuglehund).

År	1-døgn	Sesong	Samla
2009	54	12	66
2010	113	12	125
2011	74	9	83
2012	63	12	75
2013	92	12	104
2014	110	18	128
2015	108	17	125
2016	99	35	134
2017	80	44	124
2018	99	40	139

Blant innanbygds er det løyst 11 gratiskort for bruk av fuglehund (varierte mellom 8 og 19 kort dei siste ti åra), 3 kort for harehund (0 til 5 kort siste ti åra) og 13 dagskort for trening med elghund (13 til 25 kort siste ti åra). Treninga med elghundar på Hovdasmoen vart utsett fordi det var meir beitedyr her tidleg på hausten enn vanleg.

Jaktprøver, terreng for trening/kurs

Det vart gjeve løyve til følgjande jaktprøver i 2018:

- Gudbrandsdal fuglehundklubb, klubbmesterskap 24. februar.
- Gudbrandsdal fuglehundklubb, jaktprøve 24. og 25. mars.
- Øystre Slidre JFF, jaktprøve 25. og 26. august (vart ikkje brukt terreng i Langmorkje).
- Gudbrandsdal fuglehundklubb, jaktprøve 8. og 9. september.
- Gudbrandsdal fuglehundklubb, treningssamling 13. og 14. oktober.
- Vestoppland harehundklubb, eliteprøve 27. og 28. oktober.

Jotunfjell Fjordane elghundklubb har løyve (på bestemte vilkår) til å disponere Langmorkje statsallmenning for å arrangere jaktprøver for laushund, fersksporprøver og blodsporprøver.

Løyvet har formelt gått ut «på dato», og vil bli tatt opp til revisjon i 2019. Dei disponerer også vanlegvis treningsfelt for elghund fyrste helga i treningsperioden, til miljøsamling for dei med unghund. Men dette året fekk dei løyve til berre å nytte Hoskelie fordi det var ein del husdyr i treningsfeltet på Hovdasmoen. Dette etter innspel frå beitelaga/beitebrukarar.

Fjellstyret vedtok frå 2015 å utvide tilbodet om trening av elghund for innanbygds etter at elgjakta er avslutta og fram til jul. Fordi det ennå kan foregå elgjakt, føreforholda kan variere osv, er val av område og tidsrom for slik trening delegert til dagleg leder. Aktuelle område er m.a. Turrhaugane – Svartlie, Grjothovdlie – Dravtjønnlie og Sallie. Det var ikkje stor pågang for slik trening sjølv om føreforholda utover hausten generelt var gode.

Viltstell

Fjellstyret laga to kråkefeller, som vart sett opp hausten i 2014. Den eine i området Mån, og den andre i Bøneslie. Ettersynet skjer i regi av fjelloppsynet, med bistand frå personar i jeger- og fiskarmiljøet. Fella i Bøneslie fanga ein del kråker og ravn fyrste året, men frå 2016 vart det mindre fangst (12 ravnar), og den var derfor ikkje i bruk i 2017 og heller ikkje dette året. Fella på Mån fanga dårleg fyrste året, og den vart derfor ikkje ”opna” for fangst frå 2015. I sommar vart den fløtt til Nordherad, til bruk der for ei stund i regi av lokale personar.

Frå 2014 vart det innført eit eige kort for jakt på smårovvilt for heile kommunen. Dei aller fleste private grunneigarlag er med på ordninga, med gratis jaktkort (for innanbygds) for jakt/fangst på raudrev, mår, mink, røyskatt, grevling, kråke, ravn, skjære og nøtteskrike. Utanbygds betalar kr. 100,- for eit slikt kort. Det er skotpremie for enkelte av artane, med poengbørs og konkurranse om flest mogleg poeng i ei junior- og ei seniorklasse. Personar i Vågå JFF tek ansvar for registrering, medan fjellstyret tek ansvar for utsending/levering kort, administrere skotpremieopplegget, poengbørs og informasjon på heimesida.

Det var 48 innanbygds som løyste smårovviltkort (40 i 2017, 40 i 2016, 47 i 2015 og 57 i 2014) og 13 utanbygds. Vidar Rugsveen vann seniorklassa dette året, Rolv M. Hidemstrædet vart nr. 2 og Sverre Brukveen nr. 3 (totalt 12 som har registrert felt smårovvilt). Emil Rugsveen vann juniorklassa, Line Pedersen vart nr. 2 og Erik Løken nr. 3 (fem i juniorklassa). Totalt vart det felt og for Langmorkje i parentes: raudrev: 62 (31), mår: 12 (7), mink: 7 (7), røyskatt: 3 (3), grevling: 1 (1), kråke: 47 (34), ravn: 13 (12), skjære: 97 (35) og nøtteskrike: 3 (0). Det vart utbetalt totalt kr. 32.450,- i skotpremie, av dette kr. 19.650,- frå fjellstyret.

I samband med prosjektet sette fjellstyret opp ein ”røvs-glugg” ved Storvikssetra. Det vart inngått ei avtale med eigaren av setra om bruk av strøm. Gluggen vart populær, særleg i starten, og det vart felt fire revar både fyrste og andre året, og to i fjor. I 2018 vart det felt tre revar her.

Generelt om faunaen elles

I bestandsregistreringa av jerv (oppdrag for Miljødirektoratet/SNO), vart det registrert spor etter jerv i Sjødalsområdet, men berre få dyr. Det var ikkje mistanke om yngling av jerv innafor Langmorkje statsallmenning. Det var ikkje registrert hekking av jaktfalk dette året, men kongeørn blir jamleg observert og med vellykka hekking. Talet på smågnagarar viste ein oppgang. Dei vanlege rovfuglartane og ugleartane som hekkar i år med smågnagarar, vart observert, som t.d. fjellvåk. Det vart også denne vinteren observert spor etter oter langs Sjøa.

Fiske

Som vanleg varierte fiskebettet og fangstane også dette året. På Gjende vart det ein ”opptur” i forhold til året før, og den varme sommaren var nok hovudårsaka til eit bra fiske både med bruk av oter og garn, og stongfiske på Gjendeosen. På Lemonsjøen var fiske nokså bra tidleg og seint i sesongen. Elles er det mykje fin og stor fisk på fleire av dei større vatna, som Øvre og Nedre Sjudalsvatnet, Bessvatnet, Lemonsjøen og Flatningen.

Fiskereglar

Det vart tatt ein gjennomgang av fiskereglane, og det vart vedteke følgjande endringar:

- Stongfiske utvida til 10. oktober (før 25. september).
- Garnfiske frå 1. juni på Melingen, Veslvatnet og Slomtjønn (før 15. juni).
- Utsetting garn kl. 17 i heile sesongen (før kl. 16). På Gjende og Bessvatnet kl. 16 som før. I garnfiskeperioden kan dorging og otring skje mellom kl. 10 og kl. 17.
- På Birisjøen vart kravet om å nytte eit 24 mm`s garn oppheva.
- Ved fisking med garn på eit vatn, kan det same natt fiskast med garn på eitt av følgjande vatn i tillegg: Melingen, Surtningen (berre innanbygds), Veslvatnet, Slomtjønn, Nedre Birisjøtjønn, Birisjøen og Griningsdalsvatnet, eller berre på to av desse 7 vatna same natt.
- Garnfiske på Gjende utvida til 5. oktober (gjeld berre innanbygds).
- For Surtningen vart garnfiske opna frå 1. juni, med bruk av 8 garn og med fri maskevidde (gjeld berre innanbygds).
- Fiske med oter for utanbygds på Øvre Sjudalsvatnet og Nedre Sjudalsvatnet blir vidareført.
- For garnfiske for utanbygds, kan det nyttast 1 garn på 35 mm i tillegg til dei 4 garna det er lov å nytte garn (gjeld 8 vatn).

Kortsalet

Tabellane nedanfor syner talet på selde fiskekort dei siste 10 åra.

Innanbygds (stong, oter og faststående reiskap)

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Familie	Gratis kort	Samla
2009	23	9	6	200	147	26	411
2010	24	15	6	181	123	20	369
2011	24	9	4	171	138	14	360
2012	59	13	8	197	133	22	432
2013	40	17	5	171	134	20	387
2014	65	13	8	171	144	18	419
2015	40	6	7	157	155	22	387
2016	32	10	6	119	146	7	320
2017	37	6	7	109	153	14	326
2018	30	9	10	148	136	12	345

Gratis kortet gjeld barn og ungdom i Vågå under 20 år. Familie kort gjeld samla for 1-døgns/3-døgns/vekes- og sesong kort. Frå 2012 er det familie kort berre for sesong kort.

Stongfiske

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Familie	Samla
2009	1243	340	114	269	343	2309
2010	1058	269	101	247	319	1994
2011	1101	283	90	266	286	2026
2012	1133	287	102	214	318	2054
2013	1140	270	82	212	330	2034
2014	992	241	82	211	267	1793
2015	910	201	85	172	281	1649
2016	1176	261	83	156	322	1998
2017	1045	244	95	150	328	1862
2018	1093	221	78	131	348	1871

Tala for stongfiske omfattar også innanbygds som løyser berre stongkort.
"Familie" gjeld samla for 1-døgnskort, 3-døgnskort, vekeskort og sesongkort.

Stong-/oter-/garnfiske utanbygds

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Familie	Samla
2009	23	31	5	41	44	144
2010	29	8	6	32	26	101
2011	12	11	1	20	16	60
2012	42	30	14	50	27	163
2013	36	15	9	46	32	138
2014	36	27	6	50	38	157
2015	51	28	14	95	33	221
2016	53	25	12	93	48	231
2017	55	39	21	97	52	264
2018	52	27	10	89	52	230

"Familie" gjeld samla for 1-døgnskort, 3-døgnskort, vekeskort og sesongkort.
Frå 2012 er det familiekort berre for sesongkort.

Prøvefiske

Det vart gjennomført prøvefiske på Gjende, i austenden og midt på vatnet. Fiske med prøveseriane i vestenden vart utsett til 2019 fordi det var mykje vind på Gjende denne seinsommaren/hausten.

Utsettingar/fiskestell

Det vart sett ut fisk i følgjande vatn:

Lemonsjøen	5.000 (2-årig)
Flatningen	3.000 (2-årig)
Skytningen	200 (2-årig)
Kvitingen	500 (2-årig)
Hesthaugtjønn	300 (2-årig)
Hestretjønn	150 (2-somrig)
Bessvatnet	1.000 (2-somrig)
Nedre Leirungstjønn	150 (2-somrig)

Dei siste åra har fangst av goløye med ruser skjedd på Nedre Leirungen (med hjelp av Jon Jeilen) og på Surtningen. Frå 2015 vart det også starta opp att på Melingen (hjelp av Vegard Veierød, og Vidar Kleiven i tillegg frå 2017). Tabellen viser fangst i liter frå 1996, og med talet på ruser i parentes.

VATN	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Surtningen	49 (10)	53 (10)	70 (10)	44 (10)	52 (10)	61 (10)	32 (10)	44 (10)	35 (10)
Melingen	181 (20)	98 (10)	73 (11)	84 (18)	35 (5)				
Birisjøen		90 (10)	49 (8)						
N. Leirungen	63 (8)	59 (8)	63 (10)	76 (10)	65 (10)	50 (10)	52 (9)	52 (10)	58 (10)
Sum	293 (38)	300 (38)	255 (39)	204 (38)	152 (25)	111 (20)	84 (19)	96 (20)	93 (20)

VATN	2014	2015	2016	2017	2018				
Surtningen	73 (10)	47 (10)	45 (10)	51 (10)	38 (10)				
N. Leirungen	63 (8)	42 (8)	60 (8)	49 (10)	52 (10)				
Melingen		96 (10)	181 (10)	187 (20)	209 (20)				
Sum	136 (18)	185 (28)	286 (28)	287 (40)	299 (40)				

Det vart ikkje gjennomført noko utfisking i ”overbefolka” vatn denne sommaren.

Stamfiske

Det vart stamfiska tre netter på Lemonsjøen (ca. 10 liter rogn) og ei natt på Gjendeosen (ca. 1 liter rogn). I tillegg er det lagt inn 10 liter av Vinsternstamme i fiskeanlegget.

Andre tiltak

Tabellen nedanfor viser oversikt over utleige av båtar til utanbygds (1-døgn) og utlån av båtar til innanbygds i 2018 (1-døgn), samt totalt leige/utlån dei siste fem åra (inkl. bruk av dei som kjøper sesongkort). I 2018 vart det seld seks sesongkort til utanbygds. Samla nytta desse båten på Slomtjønn i 18 døgn, Veslvatnet i 11 døgn, Surtningen i 1 døgn, Birisjøen i 4 døgn, Birisjøtjønn i 1 døgn, Brurskarstjønn i 5 døgn og båten på Nedre Leirungen i 4 døgn.

Vatn	Innanb.	Utanb.	2018	2017	2016	2015	2014
Veslvatnet	5	11	27	24	20	20	6
Kvitingen	2	3	5	8	6	13	4
Surtningen	1	7	9	22	4	13	10
Melingen	0	5	5	12	2	0	0
Slomtjønn	2	19	39	33	33	41	33
Birisjøen	2	5	11	9	23	27	8
N. Birisjøtjønn	2	1	4	3	3	7	0
Griningsdalsvatn	5	2	7	19	26	14	9
Brurskarstjønn	0	0	5	2	7	3	6
Øvre Leirungen	2	11	13	4	2	6	5
Nedre Leirungen	8	9	21	18	17	13	15

Fjellstyrehyttene

Tabellen viser oversikt over talet på utleidedøgn for dei ulike fjellstyrehyttene sidan 2010. Frå 2015 skjedde sal av overnatting for hytta ved Nedre Leirungen, Vargebue og Forsthytta ved bruk av Inatur.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Bessvassbue	37	4	35	26	31	42	47	45	38
Gjendeosbue	39	45	48	54	63	31	48	34	52
Vågåbue	56	53	56	51	59	59	54	34	39
Hytte N.Leirungen	9	12	13	4	7	23	55	12	16
Vargebue	32	35	38	35	38	94	128	112	130
Forsthytta					8	77	100	105	100

Hytta ved Nedre Leirungen vart renovert dette året, utført av Trehuseksperten. Det omfatta nytt tak, ny utkledning, nye glas og dører, ekstra isolering, ny pipe og omn, ny inndeling innvendig slik at det blir to soverom og med nye senger, ny kjøkeninnreiing m.m. Det står att noko arbeid innvendig, som vil bli utført våren 2019.

Rekneskap

I 2018 var inntektene på kr. 4.675.359 og utgiftene på kr. 3.818.002. Dette gjev eit overskot på kr. 857.335. Detaljar om rekneskapen og økonomien elles i fjellkassa går fram av rekneskapet. Tabellane nedanfor gjev ei oversikt over viktige rekneskapstal siste åra. Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om vidare drift av fjellstyret si verksemd. Styret stadfestar at føresetnad for framleis er til stades.

Oversikt over dei største inntektene 2012 – 2018, i 1000 kr

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Fiskekort	491	448	435	426	537	545	541
Småviltjakt	369	387	459	468	523	564	781
Storviltjakt	377	405	459	507	436	475	528
Festeavgift	753	792	814	920	925	1.026	1.137
Refusjon oppsyn m.m.	337	352	366	359	363	362	366
Beiteleige	187	181	224	236	257	282	283
Oppsyn/tilsyn verna område	92	92	92	100	90	100	173
Sal av andre tenester	346	493	475	430	468	399	461
Utleige hytter	44	39	50	108	136	135	163
Renteinntekter	138	165	148	105	66	51	86

Oversikt over dei største utgiftene 2012 – 2018, i 1000 kr

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Samla kostnad tilsette	1.750	1.845	2.059	1.821	1.963	2.025	2.158
Godtgjersle fjellstyret	59	55	49	38	60	62	77
Kontorhald, forsikring mm.	364	363	406	307	385	378	417
Settefisk	175	141	175	110	188	142	156
Provisjon kortseljarar	109	111	118	125	150	156	184
Drift hyttene og Steinholet	66	56	212	102	151	116	96
Tilskot næringsformål	448	350	426	387	317	340	423
Tilskot allmennyttige formål	94	22	35	58	80	64	26

Rekneskapstal frå dei siste ti åra

År	Inntekter	Utgifter	Over/underskot	Eigenkapital
2009	3.036.350	2.546.444	489.906	6.524.379
2010	2.887.640	2.533.793	353.847	6.878.227
2011	3.182.345	2.713.981	468.364	7.346.592
2012	3.455.710	3.486.090	- 30.380	7.316.212
2013	3.714.405	3.219.018	495.387	7.811.598
2014	3.672.188	3.803.852	- 131.664	7.688.499
2015	3.861.223	3.410.387	450.836	8.156.936
2016	3.921.418	3.542.793	378.623	8.538.002
2017	4.025.171	3.551.118	474.053	9.012.053
2018	4.675.359	3.818.002	857.335	9.402.489

Eigenkapital omfattar anleggsmidlar og omløpsmidlar minus gjeld.

Av tilskot til nærings tiltak gav fjellstyret:

- kr. 200.000,- til vegstyra, vedlikehald vegar.
- kr. 69.595,- til beitelaga, gjeting.
- kr. 70.000,- til Vågåfjell turløyper, skiløypepreparering og rydding av løyper.
- kr. 80.000,- til Russdalen beitelag, ny gjetarbu ved Blåtjønnåe.
- kr. 3.000,- til Odd Ymbjørgøyen, brøyting vegen i Bøneslie til Flatningen.

Av tilskot til allmennyttige tiltak gav fjellstyret:

- kr. 7.500,- til Heidalskogen skianlegg, skiløypepreparering i omr. Melingen-Bøneslia.
- kr. 12.500,- til Hoskelie velforening, rydding og merking turstigar.
- kr. 6.000,- til Jegerprøvekurset, kostnad kurs for ungdom i Vågå under 20 år.

Vågå fjellstyre, april 2019

Ivar Vistekleiven
leder

Ketil Gutubø
nestleder

Helny Svaet
medlem

Kjersti Aasvang Dalen
medlem

Steinar Håkenstad
medlem

Knut Øyjordet
dagleg leder